

RÅDSFORORDNING (EF) nr. 1594/96**av 30. juli 1996****om endring av forordning (EØF) nr. 2332/92 om musserende viner produsert i Fellesskapet og forordning (EØF) nr. 4252/88 om framstilling og markedsføring av sterkviner produsert i Fellesskapet(*)****RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR -****Artikkel 1**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 43,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen⁽¹⁾,

med tilvising til fråsegnen frå Europaparlamentet⁽²⁾,

med tilvising til fråsegnen frå Økonomi- og sosialutvalet⁽³⁾ og

ut frå desse synsmåttane:

I artikkel 11 og 16 i forordning (EØF) nr. 2332/92⁽⁴⁾ og artikkel 6 nr. 2 i forordning (EØF) nr. 4252/88⁽⁵⁾ er det fastsett eit høgste innhald av svoveldioksid i musserande vinar og sterkvinar. Etter dei førnemnde artiklane skal Kommisjonen innan 1. april 1996 leggje fram for Rådet ein rapport om dette innhaldet, saman med eventuelle framlegg. Dei tiltaka som det vert gjort framlegg om, bør vere i samsvar med andre tiltak som Kommisjonen må utarbeide utkast til. Difor bør den førnemnde fristen lengjast. Det same gjeld dei fristane som er fastsette i artikkel 4 nr. 2 i forordning (EØF) nr. 4252/88 -

I forordning (EØF) nr. 2332/92 vert det gjort følgjande endringar:

1. I artikkel 11 nr. 3 vert «1. april 1996» og «1. september 1996» endra til høvesvis «1. april 1997» og «1. september 1997».
2. I artikkel 16 nr. 3 vert «1. april 1996» og «1. september 1996» endra til høvesvis «1. april 1997» og «1. september 1997».

Artikkel 2

I forordning (EØF) nr. 4252/88 vert det gjort følgjande endringar:

1. I artikkel 4 nr. 2 vert «1. april 1995» og «1. september 1995» endra til høvesvis «1. april 1997» og «1. september 1997».
2. I artikkel 6 nr. 2 vert «1. april 1996» og «1. september 1996» endra til høvesvis «1. april 1997» og «1. september 1997».

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:**Artikkel 3**

Denne forordninga tek til å gjelde tredje dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 30. juli 1996.

For Rådet

H. COVENEY

Formann

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjord i EFT nr. L 150 av 25.6.1996, s. 13, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 102/97 av 15. desember 1997 om endring av EØS-avtalens protokoll 47 om opphevelse av tekniske hindringer for handel med vin, se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(1) TEF nr. C 125 av 27.4.1996, s. 48.

(2) TEF nr. C 166 av 10.6.1996.

(3) TEF nr. C 204 av 15.7.1996, s. 57.

(4) TEF nr. L 231 av 13.8.1992, s. 1. Forordninga sist endra ved forordning (EF) nr. 1547/95 (TEF nr. L 148 av 30.6.1995, s. 35).

(5) TEF nr. L 373 av 31.12.1988, s. 59. Forordninga sist endra ved forordning (EF) nr. 1547/95.